



## Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 24.08.2021  
**Møtestad:** Brannstasjonen på Mo  
**Møtetid:** 09:00 - 12:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Meldt forfall

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterende rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2021	Godkjenning av møteprotokoll
003/2021	Orienteringssaker
004/2021	Søknad om støtte til utforming av mulighetsstudie for datasenter.

**Notat frå møtet:**

## 001/2021: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Behandling:

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## 002/2021: Godkjenning av møteprotokoll

### Behandling:

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

## 003/2021: Orienteringssaker

### Behandling:

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte om to søknadar som har blitt administrativt handsama fram til no i 2021. Mofjord Maskin A/S fekk avslag på sin søknad medan IModalen AS fekk innvilga sin.

Rådmannen orienterte om status for arbeidet med raset bak Bryggjeslottet. Inngått avtale med Gjerden fjellsikring. Planlagt oppstart måndag 6. sept. Estimert til ca 80t arbeid for reinskelag på 4 personar. Anbod med forbehold for uforutsette utfordringar på 340 000 kr inkl mva. Kommunen må sjølv ta kostnadar til sikring av område/bygg, opprydding etc. Rådmannen vil kome tilbake med sak om finansiering frå næringsfondet.

Rådmannen orienterte om status for grunnarbeidet til dagturhytta. Berre eit firma har levert tilbod på anbudet. Kostnad blir ca 200 000 kr eks mva dyrare enn budsjettert. Rådmannen vil freiste å finne rom innafor det totale investeringsbudsjettet for 2021 til denne kostnadsauken.

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

004/2021: Søknad om støtte til utforming av mulighetsstudie for datasenter.

**Behandling:**

Vidar Totland frå Invest in Bergen var med via Teams for å orientere om søknaden og svare på spørsmål.

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Modalen kommune løyver kr. 180 000,- frå næringsfondet til Modalen Kraftlag til gjennomføring av moglegheitsstudie for datasenteretablering i Modalen. Stønaden skal nyttast i tråd med søknad d. 30.06.21. Prosjekteigar er Modalen Kraftlag, medan Invest in Bergen er prosjektleiar.

---